



Tore Nilsen
Slembevegen 24
5137 MJØLKERÅEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/44 - 16/9633

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
29.07.2016

Delingssak gbnr 14/74 Soltveit - ny grunneigedom med føremål parkering - dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod i strandsone - melding om vedtak

Saka vart handsama av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 22.06.16, der følgjande vedtak vart fatta:

Det vert løyve til deling og dispensasjon frå arealføremål LNF og deleforbod i strandsona på følgjande vilkår.

1. *Storleik på teigen kan vere inn til 8,0 x 7,5 m / 60 kvm.*
2. *Ny eigedom skal samanføyast med eller inngå i realsameige med gbnr.14/86*

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 20-1m og § 19-2 jf. § 11-6, samt naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

